



Uskedal ungdomslag fekk fane til 100 års festen i 1988. Motivet er teikna av Tor H. Myklebust.

**I 2017 vart det markert at Uskedal helselag og hytta Fjelly var 100 år. I år er det Uskedal ungdomslag og Røysterett for Alle som står for tur med sine jubileum Uskedalen.no kjenner til at førebuingararbeidet er starta. Laga vil på kvar sine måtar stå fram med sine jubileumsprogram. Dette innlegget handlar om Uskedal ungdomslag, skipa så tidleg som 1888 og kan dermed sjå attende på 130 års drift. Røysterett for Alle, skipa 1988, si markering vert kunngjort seinare.**

Jubileet vert markert på den årlege haustfesten, som i 2018 er lagt til laurdag 20. oktober. Ei eiga nemnd vil førebu og gjennomføra markeringa. Det vil truleg bli framført ein kabaret med glimt frå lagsoga. Musikklaget og Røysterett for Alle vert inviterte til å ta del i framføringa. Det vert innslag frå scenen og ikkje minst frå tur- og folkedansen som stod sentralt i laget på 1960 talet.

Uskedal ungdomslag fekk sitt fyrste Helgheim i 1902. Seinare kom eit større og meir moderne Helgheim i 1934. Huset har seinare mange gonger vorte påkosta og renovert, seinast i åra etter 2000 med nye vindaugo, nytt kjøkken og installering av varmpumper. Fjelly frå 1917 er i dag ei flott og romsleg fjellhytte.

Til markeringa i oktober vert det arbeidd med å finna fram 8 mm smalfilm frå den store NU stemna i 1973 og frå andre samlingar i ungdomslaget. Dette er eit verdfullt materiale som bør digitaliserast og synast på DVD.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Uskedal musikklag vert invitert til å vera med i jubileumsprogrammet.